

KONTAKTBLAD FOR  
Nr. 25 Mars 1998 9.årg.

# HJARTDAL HISTORIELAG

**Årsmøtet  
1998**

*Årsmøtet blir på  
Tuddal høyfjellshotell  
torsdag 26.mars kl.19.00*

Vanlege årsmøtesaker:

Årsmelding

Regnskap

Valg

*Laget spanderer kaffe*

*Vil du vere med på ein god middag før møtet?*

Sjå side 4



# Årsmelding

Sidan årsmøtet 1997 har vi hatt eitt styremøte og eit par mindre møte i leiinga.

Alf Mostue blei utnemnd til æresmedlem og fekk eit diplom i samband med dette. Dessverre gjekk det bare kort tid før han døydde.

Elles har vi fått skreve folketeljinga for hjartdalsbygdene i 1865 på data. Dette vil banken koste for oss, da noko av materialet kjem til nytte i jubileumsboka.

Vi kan også nemne at vi har hjelpt til med stoff slik at det oftare enn før er lokalhistoriske artiklar frå hjartdalsbygdene i lokalpressa.

Når det gjeld kartet med lokalhistoriske namn, har vi vore i kontakt med eit par interesserte, utan at vi enda veit om det vil bli gjort alvor av eit slikt arbeid.

Og HHL har fått web-sider på internett. Ein del bilde og tekster kan nå lesast og lastast ned over heile verda. Vi har alt høyrst om at kjennskapen til sidene spreier seg mellom amerikanarar av Hjartdalsslekt.

Vi har også vore med på arbeidet med bankjubileet. Dvs. arbeid med jubileumsbok og planlegging av jubileumstur. Om dette skriv vi ikkje meir her, men viser til forrige kontaktblad (nr.24)

## Viktig om medlemspengane:

Mange har betalt kontingenten etter forrige blad, og det er vi takksame for, men vi har eit problem: Nokre har ikkje skreve sitt eige namn som avsendar på bankgiroen. Dermed har vi mange medlemmer som vi ikkje veit namn på.

Er du usikker på om du oppgav namnet da du betalte, så kan du bare ringe 350 23 011 og seie frå - eller legge inn beskjed på svararen om at du har betalt. Oppgje tydeleg namn og adresse. Du kan sjølv sagt også skrive. Har du e-post, så finn du adressa på <http://w1.2350.telia.com/~u235000009/hhl/hhl-indx.htm>

Tar du ikkje kontakt, så kan du ikkje regne med å få kontaktblad eller annan informasjon frå laget i framtida.

## Seminar om munnlege kjelder

Laurdag 28.mars er det årsmøte i Telemark historielag, på Skoland kultursenter (St.g.63, Notodden)

Før møtet - kl.12.00 - er det seminar åpent for bl.a. HHL-medlemmene:

### Program:

Professor Knut Kjeldstadli: *Muntlige kilder-Hvorfor og hvordan.*

Distr.konservator H.Høydal: *Alf Mostue - ein lokal rikshistorikar.*

Kons. Søren Hald: *Om minneinn-samling blant tidl. Tinfos-arbeidere.*

Lektor Tom Nilsen: *Bruk av minner i arbeidet om utvandringa til Canada.*

Enkel servering.

Interesserte kan kontakte

Ingvar Skobba 3800 Bø i Telemark

## Alf Mostue (1911-1998)

Dette minneordet er tidlegare trykt i "Telen"

Ved Alf Mostues død har vi som steller med lokalhistorie og kulturvern i Hjordal, lidd et stort tap.

Alf Mostue hadde, i tillegg til sine store kunnskaper om notoddensamfunnet, også store kunnskaper om Hjordals historie, og da særlig om Tuddal, der han hadde hytte og oppholdt seg mye. I Tuddal samla han eksempelvis 3000 stedsnavn og gjorde ellers et omfattende arbeid med historisk kildemateriale i Hjordal.

Han samla opplysninger om utvandringa til Amerika, leste protoller, finkjemmet folketellinger og kirkebøker, oppsøkte arkiv, og interesserte seg for og skreiv ned folkeminne og tradisjonsstoff fra kommunen.

Det særegne ved Alf var hans vilje til å dele kunnskapen med andre. Vi er en stor flokk som gjennom åra har oppsøkt eller skrevet til Alf og spurt om hjelp til å finne ut av slekta, finne fakta om historiske emner eller hjelp til å oversette et dokument med vrien gotisk håndskrift. Alf øste alltid villig fra sine kunnskaper og hjalp gjerne til, og vi trengte aldri å vente lenge på svar. De siste par åra var Alf, blant mange andre oppgaver, i gang med å "oversette" formannsapsprotokollene for Hjordal kommune fra 1837 og framover. Bare den som har sett gjennom de tettskrevne sidene, skjønner hva som kreves av innsikt og tålmodighet for å gå løs på et sånt stykke arbeid.

I flesteparten av de lokalhistoriske bøkene og artiklene som har kommet fra og om Hjordal de siste åra, har Alf bidratt vesentlig. Det skal også nevnes at når jubileumsboka om Hjordal Sparebanks

100-års historie kommer til sommeren, har Alfs lokalkunnskaper og kildearbeid vært til uvurderlig hjelp. Ei kultursoge fra Tuddal er også for tida under arbeid, der mye av innholdet hviler på Alfs innsamlinger og granskninger.


Alf var ærlig og usnobbete, og briljerte aldri med kunnskapene sine. Han var beskjeden og søkte aldri berømmelse og ære for arbeidet sitt. Samtidig stilte Alf strenge krav til dokumentasjon, han var kritisk og hadde lite til overs for føleri og lettvinde svar. Slik kom han av og til i diskusjon med folk, og noen kan nok mene at han brukte harde ord.

Men harde ord om motpartens standpunkt, var uttrykk for Alfs engasjement og sterke faglige integritet, den ville han ikke rokke ved. Alf fikk stor anerkjennelse for arbeidet han gjorde i kulturvernets tjeneste i Hjordal. Han ble æresmedlem i Tuddal museumslag, og nå nylig også æresmedlem i Hjordal historielag. Til tross for at han lot til å

sette liten pris på store ord, heder og ære, vet vi at han var stolt da han bare noen dager før han døde, mottok diplommet som æresmedlem i Hjordal historielag.

Vi er mange som nå er glad for at vi fikk mulighet til å hedre og takke Alf for innsatsen. Det endrer likevel ikke på det faktum at vi i det lokalhistoriske miljøet, både i Notodden og i Hjordal, står fattige tilbake. Vi har mista en uvanlig begavet fagperson som har bidratt vesentlig til forståelse og kunnskap om blant annet Hjordals historie. Samtidig har vi mista en hjelpsom og raus støttespiller i arbeidet for å fremme lokal identitet og kultur.

*For Hjordal historielag  
Ivar T.Dahl, Leif Skoje,  
Anne Haugen Wagn*



## Middag på Tuddal høvfjellshotell

For å gjere litt ekstra ut av turen til årsmøtet, så kan dei som vil, møte ein time tidlegare (kl 18.00) og innta ein tre rettars middag på hotellet.

Pris pr. person er 250,-

Dei som er interesserte i dette må melde seg på hos Ivar Dahl (350 24 096) eller Torkel Hytta (350 23 150) innan 22.mars.


## Omvisning på hotellet:

I samband med årsmøtet - etter kaffien, vil vi få ei omvisning med foredrag om hotellet frå starten for over 100 år sidan. Mellom anna vil vi kunne sjå stokkbåten som blei valgt til Hjartdal kommunes offi-sielle kulturminne i 1997.

Vi minner også om at interesserte bør skaffe seg boka om hotellet (skreven av Hallgrim Høydal 1995). Denne kan kjøpast i Hjartdal og Gransherad sparebank.

## Folkeminne frå Tuddal

I tillegg vil Ivar Dahl ta for seg ein del folkeminnestoff frå Tuddal. Det ser nå ut til å bli alvor av at han får det han har samla ut i bokform i løpet av året, og her får vi altså smaksprøver frå den komande boka.



## HJARTDAL HISTORIELAG

Grunnlagt 1989

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL. Bladet blir sendt alle medlemmer - deriblant ein del institusjonar.*

*Det er lov å bruke og kopiere frå bladet, men oppgje kjelde. Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*